



PROTOKOLL

Årsmøte for Leikanger Båtlag

Stad: Sognefjord Hotell, Hermansverk, torsdag 29. februar 2024 kl. 19.00

1. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjend, med merknad: Rekneskap og årsmelding skal leggjast ved framtidige årsmøteinnkallingar, eventuelt ettersendast innkallinga, slik at medlemmar har dokumenta tilgjengelege før sjølve årsmøtet.

2. Godkjenning av sakliste

Saklista vart godkjend. Sak 7 og 8 vert handsama samla.

3. Val av møteleiar og referent

Bjarne Sjøthun vart vald som møteleiar.

Svein Helge Steinsåker vart vald som referent.

4. Val av to til å skrive under møteprotokoll

Kurt Lerum og Håvard Ølmheim vart valde.

5. Årsmelding 2023

Årsmeldinga vart gjennomgått av Bjarne Sjøthun.

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

6. Rekneskap 2023

Kasserar Geir Morten Skorpen orienterte om rekneskapen.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

7. Medlemskontingent fastsetjing for året 2024

Det vart vedteke medlemskontingent på kr. 2.500.

8. Budsjett 2024

Kasserar Geir Morten Skorpen gjekk gjennom budsjettet.

Som presisert i tabellar og fotnote er det pga. betydelege kostnader for 2024 (asfaltering m.m.) vanskeleg å få overskot utan å auke medlemskontingenten.

Budsjettet vart godkjend.

9. Innkomne saker

9.1 Differensiert medlemskontingent:

Det vart, i samsvar med styret si tilråding, gjort følgjande vedtak med 19 mot 1 røyst:

Vedtak om $\frac{1}{4}$ medlemskontingent for interessantar på venteliste, med følgjande

endring i vedtektene § 5: Setninga: «*Medlem som eig ein båtplass betalar full*

kontingent. Andre medlemmer betalar halv kontingent» vert endra til: «*Medlem som eig*

ein båtplass betalar full kontingent. Medlemmer som leiger båtplass betalar halv

kontingent. Interessantar som står på venteliste for kjøp av plass betaler kvart

kontingent».

9.2 Maks lengde ved framtidig sal, overdraging og utleige av båt plassar

Styret har i forkant av årsmøtet motteke mange munnlege tilbakemeldingar og reaksjonar på framlegget om maks lengder. Styret vurderer at det er naudsynt å arbeide meir med denne saka før avgjerd vert teken, og vil kome tilbake med nytt framlegg til neste årsmøte.

Styret trekkjer difor denne saka, og vil kome tilbake med meir informasjon. Styret vil invitere alle medlemmar til å kome med innspel til vidare handsaming og tilråding. Årsmøte tilsluttar seg dette.

I påvente av framtidige føringar på maks lengde vil styret og hamnenemnda handheve naudsynt omplassering av båtar, for å ivareta ferdsel og tryggleik. Dette i samsvar med hamnereglane § 2.

10. Eventuelt skipe eller legge ned faste nemnder Ingen innkomne saker

11. Val av styre

Styre og nemnder får følgjande samansetting, i samsvar med valnemnda sitt framlegg:

Leiar	Bjarne A. Sjøthun	Tek attval	(På val 2025)
Styremedlem	Bjarne A. Sjøthun	Tek attval	(På val 2026)
Styremedlem	Arne Egil Husabø	Tek attval	(På val 2026)
Styremedlem	Jan Atle Woll	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2025)
Styremedlem	Svein Helge Steinsåker	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2025)
Styremedlem	Geir Morten Skorpen	Tek attval	(På val 2026)
Varamedlem	Robert Padlesak	Tek attval	(På val 2026)
Varamedlem	Lars Nes	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2025)
Revisorar	Jon Erling Oppedal	Tek attval	(På val 2026)
	Torbjørn Hasund	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2025)
Hamnekomité	Anders Borlaug (leiar)	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2025)
	Ronny Ertslund (nestleiar)	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2025)
	Johnny Jakobsen	Tek attval	(På val 2026)
Aktivitetsnemnd	Torfinn Svedal	Tek attval	(På val 2026)
Valnemnd	Kjell-Arne Valvik	Tek attval	(På val 2026)
	Vidar Trettenes	Tek attval	(På val 2026)
	Ole Simen Nesdal	<i>Ikkje på val</i>	(På val 2025)

Svein Helge Steinsåker/referent

Bjarne Sjøthun/leiar

Attestasjon:

Kurt Lerum

Håvard Ølmheim